



TV Sydvest kan ikkje berre leva av fine smil og klapp på skulderen. held redaktør Ronny Lakselv (bildet) fram. Difor vil den Uskedalen-baserte kanalen som sidan 2007 har sendt døgnet rundt trappa ned frå oktober og senda meir forkynning.

No i september sender ikkje TV Sydvest program. Frå oktober blir det meir kristen forkynning fordi Lakselv helst vil senda det som ligg hjarta hans nærast og som tar mindre tid.

TV Sydvest har mellom anna satsa på lokale program sidan kanalen gjekk på lufta for 5 år sidan og har drive på dugnadsbasis utan lønnskostnader. Dei har mellom anna hatt 8 direktesendingar frå kommunestyret men politikarane sa nei til eit permanent opplegg og vil satsa på ei internettløysing, Det er Lakselv og medarbeidarane hans skuffa over.

Det kostar å driva og inntektene har såvidt dekkja inn utgiftene. Stiftinga Kristen Mediaressurs med kommunepolitikar Ottar Benjaminson som leiar sig kanalen og Lakselv tar gjerne ein diskusjon om organisasjonsforma, seier han til HusnesNett.

Det er viktig å få inneigarar med meir kapital hvis TVSydvest skal halda fram på eit anna nivå enn det førebels er lagt opp til.

Av Ola Matti Mathisen